
Saksnr: 2021/51813-1
Saksbehandlar: Jone Engelsvold

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring		17.11.2021
Fylkesutvalet		30.11.2021
Fylkestinget		15.12.2021

Temaplan forskning for Vestland fylke 2022 - 2027

Forslag til innstilling

Vestland fylkesting vedtek Temaplan forskning for Vestland fylke 2022 - 2027

Samandrag

Fylkestinget i Vestland gjorde 16. juni 2021 vedtak om å få utarbeida ein «Temaplan forskning». Saka inneheld framlegg til plan som skal a) avklare viktige regionale forskingsbehov og korleis forskning kan vidareutviklast som verktøy i regionale innovasjonsprosessar b) vere styrande for Vestland fylkeskommune og den regionale partnerskapen sitt arbeid på dei fag- og temaområda som planen inkluderer og c) vere førande for fylkeskommunen sine verkemidlar innan forskingsfeltet som Regionalt forskingsfond, Forregion Vestland og tilsvarande. Vedlagt framlegg til temaplan inneheld mål for ein regional forskingspolitikk, forslag til prioritering av forskingsinnsats og framlegg til resultatområde for arbeidet med iverksetting av planen.

Rune Haugsdal
fylkesdirektør

Bård Sandal
avdelingsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Temaplan forskning for Vestland fylke 2022 - 2027 - Framlegg til politisk behandling hausten 2021

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkestinget i Vestland gjorde 16. juni 2021 vedtak om å få utarbeida ein «Temaplan forskning, blant anna med fokus på berekraftig og eksportretta industriutvikling». Vedtaket var del av saka «Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling»

Fylkesutvalet gjorde 21. september 2021 vedtak om oppstart av temaplanen, i ei sak som la føringar for planarbeidet.

Avdeling for Innovasjon og næringsutvikling har i september og oktober 2021 hatt brei medverknad og konsultasjon i arbeidet med å utarbeide det planutkastet som no ligg føre.

Temaplanar er heimla i kommunelov eller sektorlov og skal utarbeidast på grunnlag av regional planstrategi eller regional plan. Temaplanar kan utarbeidast for fagfelt der fylkeskommunen som tenesteproducent eller samfunnsutviklar har stor påverknad ut mot samfunnet. Prosesskrava i plan- og bygningslova gjeld ikkje for temaplanar. Arbeidet med temaplanen var likevel lagt opp i tråd med fleire av desse.

Tidsperiode for planen

Fylkesutvalet slutta seg i sak om oppstart til at planen skal gjelde for seks år i perioden 2022 - 2027, men verte revidert etter 2 år i samband med utarbeiding av ny regional utviklingsplan frå 2024 (ny valperiode i fylkestinget).

Planprosess, ansvar og medverknad

Ansvar for utarbeiding av Temaplan for forskning vert lagt til Avdeling for Innovasjon og næringsutvikling ved fylkesdirektør Bård Sandal med seksjonssjef Kathrin Jakobsen som planansvarleg. Forskingskoordinator Jone Engelsvold har vore prosjektleiar med støtte frå seniorrådgivar Ingjerd Skogseid - begge i avdeling for Innovasjon og Næringsutvikling. .

[FoU-forum Vestland](#) er sett saman av fagpersonar frå regionalt verkemiddelapparat, næringsliv, kommunal sektor og forskingsorganisasjonar. Forumet har vore prosessgruppe for planarbeidet og gitt råd om vidare involvering, høyringsmøte o.a. Forumet har også hatt ei arbeidsgruppe som arbeidde saman med plansekretariatet mellom møta.

[Næringsforum Vestland](#) har vore konsultert i møte 24. september og 19. oktober 2021.

Det har også vore konsultasjon med andre avdelingar i fylkeskommunen.

Høyring

Sjølv om det har vore brei medverknad i prosessen, har det likevel vore viktig å gi høve til meir formelle og skriftlege innspel til planarbeidet. Eit planutkast var derfor ute til avgrensa høyring frå 30. september til 14. oktober. 32 høyringspartar frå verkemiddelapparatet, UH-sektoren, næringshagar, næringsklynger og kommunesektoren fekk høve til å gje synspunkt på målformuleringa, prioritering av forskingsbehov og framlegg til resultatområde. 4 organisasjonar nytta høve til å gje skriftlege innspel. Desse var Universitetet i Bergen, Høgskulen på Vestlandet, SIVA og Sogn og Fjordane Næringsråd. Deira innspel er i stor grad teke med inn i det framlagte planutkastet.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Kostnader i samband med temaplan forskning vil i stor grad vere knytt til program som er direkte finansiert over Statsbudsjettet - som Forregion og Regionale forskingsfond. Andre kostnader vert å vurdere i samband med årlege budsjett og - økonomiplanar.

Klima:

Ny forskingsbasert kunnskap vil spele ei vesentleg rolle i å nå klimamåla og bidra til det grønne skiftet. Temaplanen tek mål av seg å avklare viktige regionale forskingsbehov, også i høve til regionalt definerte samfunnsoppdrag - slik som målet om redusert utslepp av klimagassar.

Folkehelse:

Folkehelse er eit relevant forskingsområde som vert vurdert i planarbeidet, særleg som del av behovet for ny forskingsbasert kunnskap innan dei kommunale tenestedområda.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

I utviklingsplanen er det nedfelt at forskingsfeltet skal innarbeidast i Regional plan for innovasjon og næringsutvikling, med ei slik formulering:

- Planen skal også avklare viktige regionale forskingsbehov og korleis forskning kan vidareutviklast som verktøy i regionale innovasjonsprosessar.

I vedteken regional plan for innovasjon og næringsutvikling er det bestemt å vidareføre dette ansvaret inn i ein eigen temaplan for forskning.

Konklusjon

Fylkesdirektøren rår til at Vestland fylkesting vedtek framlagte Temaplan forskning for Vestland fylke 2022 - 2027